



STATUSRAPPORT 01.03.2017- 01.02.2018

Dette er fyrste statusrapport som tek for seg perioden frå søknad blei utarbeida til fyrste halvår av prosjetperioden er gjennomført.

2017

- I mars var det oppstart i prosjektet med skrivning av søknad om opptak i det Nasjonale velferdsteknologi-programmet. Vart oppretta ei midlertidig prosjektgruppe for å planlegge omfang og framdrift av prosjektet.
- Frå august til april vart det gjennomført ulike informasjonsmøter og samlingar med kommunane. Det vart lagt vekt på å få i gang ein prosess for å få involvert alle kommunane, samt vera med i diskusjon om utlysing av stillingar og tilsettingar.
- I august vart det lyst ut stilling til prosjektleiar i 100 % stilling, og 2 prosjektmedarbeidarar i 50 % stilling.
- I september og oktober var hovudfokus på å utarbeide organisasjonsstruktur, strategi, styringsdokument, prosjektmandat, mål, delmål og milepelsplan. Det vart og informert om prosjektet i regionrådet og helseutvalet. I oktober vart prosjektmandatet godkjent i styringsgruppa.
- I oktober, november og desember var fokuset å samkjøre kommunane, få felles visjon og logo. Starte arbeidet med forankring i alle lag av kommunane som politikarar, administrasjon, tilsette og brukarar.

Det vart nedsett ei ressursgruppe med personar frå alle kommunane med geografisk spreiding for å sikre at alle får lik informasjon, felles ståstad og mål. Det vart òg gjennomført ei kartlegging av status i kvar kommune på alt frå tenester til kompetanse, for å avklare behov. Dette arbeidet vil ligge til grunn for opplærings- kompetansebehov lokalt i kvar kommune, ulike satsingsområder og gevinstrealisering.

2018

- Januar vart prosjektplan ferdigstilt, og det har vore gjennomført lokale arbeidsseminar i 7 av kommunane. Dei 3 resterande kommunane skal gjennomføre desse samlingane i februar.

Vart oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe som skal arbeide med anskaffing av velferdsteknologi, tryggleikskapande teknologi mm.

GJENNOMFØRTE TILTAK I PERIODEN:

Workshop PA- Consulting:

3.nov., 6 des.2017 og 30. jan 2018. Sjå eigen artikkel

Velferdsteknologiens ABC:

I fyrste pulje har ca. 230 personar har deltatt frå november i opplæring av velferdsteknologiens ABC. Sjå eigen artikkel

Konferanse:

7.nov 2017 vart det gjennomført ein konferanse om velferdsteknologi for politikarar, administrasjon, leiarar, hovudtillitsvalde, verneombod. Representantar frå lag og organisasjonar, brukarrepresentantar og andre samarbeidspartar. Ca 230 deltok på denne.

Ressursgruppemøter:

02.11.17 og 03.11.18

Referansegruppemøte:

10.01.18

Førebuing anskaffing:

Informasjonsmøte for kommunar 12.12.17. Etablering av arbeidsgruppe. Sjå eigen artikkel.

Lokale arbeidsseminar:

04.01.18- Masfjorden og Modalen

09.01.18 – Austrheim og Fedje

16.01.18- Vaksdal

22.01.18- Gulen

29.01.18- Osterøy

Spreiing eksternt:

01.11.17 –Samhandlingsseminar Haraldsplass

21.11.17- Innlegg USHT

10.01.18 – Innlegg Fagskulen Bergen

12.01.18- Utstilling toppleiar møte Haraldsplass

23.01.18 – Innlegg forskingsrådet i Bergen

24.01.18 – Innlegg høgskulen på Stord.

25.01.18 – Innlegg IKT-samarbeidet Ryfylke

